



Karmøy kommune  
Postboks 167  
4291 KOPERVIK

Kontakt saksbehandlar

Helene Medhus Skedsmo, 51568821

## Uttale - søknad dispensasjon - nybygg ridehall gnr/bnr 85/237 Utvik - Karmøy

Me syner til oversending av sak frå Karmøy kommune dagsett 29.03.2022.

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppføring av ridehall på landbrukseigedomen gnr 85, bnr 237 (som inngår i landbrukseigedomen saman med gnr. 126, bnr. 1, 2, 3, 6, 7 og 9). Eigedomen ligg på Utvik, litt nordaust for Avaldsnes. Det er sauehald, grovfôrproduksjon og hest som tilleggsnæring som er drifta på garden.

Me syner til grundig dispensasjonssøknad samt kommunen sin vurdering som er samordna mellom byggesak, landbruk, naturforvaltar og byantikvar. Kommunen har kome til at LNF-føremålet ikkje blir sett til side og at fordelane ved tiltaket etter ei samla vurdering er klårt større enn ulempene.

Under føresetnad av at hallen vert etablert på allereie planert/bygd areal og skal erstatte/utvide ein eksisterande bruk som ridehall, vil me ikkje ha nokre merknader til at det blir gitt dispensasjon som omsøkt.

Me gjer merksam på at som uttaleinstans skal me ha kommunen sitt vedtak tilsendt straks det er gjort.

Med helsing

Rune Lian  
seniorrådgivar

Helene Medhus Skedsmo  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune Postboks 130 4001 Stavanger